Sogndal kommune

Saksframlegg

Sakshandsamar: Arne Halvor Abrahamsen, rådgjevar

Arkivsaksnummer: 2026/6481 - 7

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
		Utval for plan og samfunn

Reguleringsplan for Farnes - endring av plan etter forenkla prosess

Framlegg til tilråding:

Kommunalsjefen rår utval for plan og samfunn til å gjere slikt vedtak:

1. Sogndal kommune gjer i medhald av Plan og bygningslova §12-14 vedtak om endring av reguleringsplan for Farnes i samsvar med søknad 25.06.2026 og slik det er vist på kart i vedlegg 2.

   Vedtaket vert grunngjeve med at planendringa vil ikkje vil påverke gjennomføring av planen, ikkje går utover hovudrammene i plane og ikkje råker omsynet til viktige frilufts eller naturområde. Endringa vil ikkje ha vesentlege negative konsekvensar og vil rette opp planen med faktisk situasjon og slik gje grunnlag for vidare bygging av naust slik planen legg til rette for utan dispensasjonssøknader.

Vedlegg:

1. Brev frå søkjar, 04.08.2026
2. Uttale frå Vestland fylkeskommune, 30.07.2026

3. Uttale frå Statens vegvesen, 02.07.2026
4. Uttale frå Statsforvaltar, 16.07.2026
5. Notat – vurdering av søknaden og handsamingsmåte, 23.07.2026
6. Kart med utsnitt av reguleringsplanen med omsøkt planendring
7. Søknad om endring, 25.06.2026

Saksframstilling

1. Bakgrunn for saka

Kommunen mottok søknad om mindre endring av Reguleringsplan for Farnes 25.06.2026.

Søknaden er fremma med grunnlag i at utbygd naustområde FN2 viser seg å ikkje ligge fullt ut innfor innanfor område med arealføremål naust i gjeldande reguleringsplan for Farnes (2007). Det er frådelt 10 nausttomter på det opparbeida arealet, og gjeve løyve til bygging av to naust som ikkje fullt ut ligg innfor arealføremålet.

Det vert søkt om å justere føremålsgrense fram til etablert front mot sjø samt legge inn byggegrense mot sjø i samsvar med faktisk situasjon for etablerte naust, slik at resterande nausttomter kan bli bygd ut utan dispensasjonsvedtak. Nausttomt i vest på eigedom 323/32 som vart etablert ved dispensasjonsvedtak er også endra til naustføremål. Det er vidare lagt opp til å avsetje arealet frå fylkesveg 613 og ned til skråningsfot til annan veggrunn i staden for naustføremål for å sikre fylkesvegen, samt ha ein enkel køyreveg mellom naustområdet og skråningsfoten, jf. skisse i søknaden:



Bilde 3. Reguleringsendringen. Naust under behandling er vist med skravur.

Det vert ut over dette vist til søknaden i heilskap.

3. Vedtaksmynde

Saka kan etter delegeringsreglement handsamast både administrativt av kommunedirektør/kommunalsjef eller av utval for plan og samfunn. Denne saka er avklart lagt fram for plan og samfunn.

4. Medverknad

Saka har etter avklaring med kommunen vore sendt på uttale til berørte planmyndigheiter, eigarar og naboar i tråd med krav i Plan og bygningslova for handsaming av søknad om endring av reguleringsplan etter forenkla prosess, jf. Pbl. §12-14. Uttaler er kome inn og sendt inn samla frå søkjar 04.08.2026.

5. Vurderingar og konsekvensar

Det er frå kommunen si side vurdert at saka kan handsamast etter forenkla prosess, jf. Pbl. §12-14. Det vert vist til notat 23.07.2026. Det er i dette vurdert slik:

1. **Om endringane i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen elles** Også i reguleringsplanen er naustområdet trekt noko ut i sjø. Det etablerte naustområdet strekker seg 3-5 meter lengre ut i sjø enn det som ligg inne i planen og som også i samsvarer med gjeldande KPA. Sjøarealet utom er avsett til eit større friluftsområde i sjø. Føresetnaden var tilrettelegging av sjøbasert fritidsbruk for fastbuande og

hytteeigarar i med småbåtanlegg og naust. Sjølv om naustområdet vert trekt noko lengre ut i sjø er det vurdert at dette i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen elles.

2. **At endringane ikkje går utover hovudrammene i planen**, Reguleringsplanen er del av ein større plan med ulike arealføremål. Planen var i utgangspunktet utarbeida av Statens vegvesen/Nasjonale turistvegar for å etablere eit fjordpunkt langs den Nasjonale turistvegen over Gaularfjellet. Det vart samstundes lagt til rette for etablering av fritidsbustader og nokre bustader med tilrettelegging for sjøbasert fritidsbruk for fastbuande og hytteeigarar i med småbåtanlegg og naust. Fastsett arealdisponering var ikkje omstridt eller konfliktfull ved utarbeiding og vedtak av planen. Omsøkt planendring er ut i frå dette ein mindre justering som slik ein vurderer det ut i frå dette ikkje ut over hovudrammene i planen.

   Konsekvens av endringa er derimot at det må bli gjeve aksept for den noko større utfyllinga i sjø enn det reguleringsplanen legg opp til, og vil her måtte bli vurdert moment knytt til nasjonale interesser for strandsone. Her er situasjonen at dette er eit tiltak som er etablert av tidlegare eigar for nær 10 år sidan. Det er openbert gjort feil ved opparbeiding av naustområdet ved denne etableringa, som vidare også har ført til avvik i høve reguleringsplanen ved oppmåling/frådeling og seinare byggesaker. Årsak til avvika kan vere fleire, mellom anna utgangspunkt i ein eldre rasterplan, og må ev. følgast opp som eiga sak i tillegg til denne saka om planendring. At den omsøkte planendringa søker å bringe det tidlegare etablert tiltak i samsvar med ein gjeldande reguleringsplan, samt at som nemnt også gjeldande reguleringsplan har naustføremålet noko ut i sjø, finn ein samla slik handsaming av planendring akseptabel også ut i frå omsynet til strandsone.

   Endringa vil ikkje føre til nye terrenginngrep, men opne for å ferdigstille naustområdet med naust og slik skape det naustmiljøet som planen føreset. Konsekvensar for omgjevnadene vert ut i frå dagen situasjon små og slik sett positive.

3. **At endringane heller ikkje råkar omsynet til viktige natur- og friluftsområde.** Som nemnt vil naustføremålet gå ut i sjøareal som er avsett til friluftsføremål i sjø. Det er likevel vurdert at dette ikkje i vesentleg grad reduserer verdien av dette arealet, då endringa er relativt marginal og sjøområdet er stort og er ein naturleg del av heile fjordområdet ved Farnes med Sværafjorden og Vetlefjorden. Det er i reguleringsplanen også lagt opp til å kunne etablere småbåthamn ved naustområdet og slik legge til rette for båtbasert bruk av fjorden til fritidsføremål.

Det er ikkje kome inn uttaler som gjev grunnlag til å vurdere at søknaden ikkje kan bli vedteke. Fylkeskommunen som eigar av Fv 613 visert til at avkøyring til denne må ver utforma i samsvar med handbok N 100. Reguleringsplanen har regulert inn avkøyring utom området det her vert søkt om planendring for. Det må ved konkret byggesøknad for naust bli sett krav til at den innregulerte avkøyring til fylkesvegen vert utforma i tråd med reguleringsplanen og handbok N100. Sjølv om Statens vegvesen ikkje gjev konkret uttale er det elles vurdert at det er ein fordel for fylkesvegen at det no er avsett anna veggrunn som sikrar vegen og at det vert litt større avstand til nausta frå denne.

6. Konklusjon

Ut frå ei samla vurdering, og slik det går fram av dei konkrete vurderingane, vert det tilrådd å vedta planendring etter forenkla prosess etter Pbl. §12-14 som omsøkt.